




Opplæringskontoret for
Indre Hordaland

ÅRSRAPPORT 2023

Opplæringskontoret for Indre Hordaland



Verksemda si art og lokalisering

Verksemda er godkjend for opplæring av lærlingar i desse faga:

Fag	Fag
Anleggsmaskinførarfaget	Industrimekanikarfaget
Anleggsmaskinmekanikarfaget	Logistikkfaget
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	Murar- og flisleggjarfaget
Betongfaget	Målarfaget
Bilfaget, lette køyretøy	Platearbeidarfaget
Bilfaget, tunge køyretøy	Produksjonsteknikkfaget
Billakkerarfaget	Reinhaldarfaget
Bilskadefaget	Reiselivsfaget
Blomsterdekoratør	Reservedelsfaget
Byggdriftarfaget	Service- og administrasjonsfaget
CNC-maskineringsfaget	Salsfaget
Elektrikarfaget	Trelastfaget
Ernæringskokkfaget	Tømrarfaget
Helsearbeidarfaget	Yrkessjåførfaget
IT- driftsfaget	

Opplæringskontoret for Indre Hordaland har medlemsbedrifter i kommunane Voss, Ulvik, Vaksdal, Modalen og Aurland. Kontoret ligg på Voss.

I 2023 fekk vi 5 nye medlemsbedrifter. Ei medlemsbedrift melde oppbod, og utgjekk som medlem. Antal medlemsbedrifter pr. 31.12.2023 er 54.

Styret

Styret har i 2023 vore sett saman slik:

Styreleiar: Trude Kvarekval Lydvo

Styremedlemer: Bjarte Vines (nestleiar)
Svein Inge Styve
Hanne Burkeland Lie
Trond Nordpoll
Kjell Harald Fenne

Varamedlemer: 1. vara: Stig Øyvind Rio Kvarme
2. vara: Petter Ringheim
Personleg vara for skuleverket: Leif Johan Mandelid

Valnemd

I valnemda sit: Per Loven (HMV Bilsenter AS), leiar
Øyvind Kristiansen (Motorservice Voss AS)

Sekretær

Sekretær for styret er dagleg leiar, Randi Ulleland.

Styremøter

I tillegg til årsmøtet 27. april, vart det halde tre styremøter i 2023. Saker som har vore tekne opp: generell drift av kontoret, ny opplæringslov, arrangement for utdeling av fagbrev,

samarbeid med lærebedriftene, skular, næringsliv, Rettleiingstenesta/Fylkeskommunen med fleire.

Aktivitetar ved kontoret

Aktiviteten ved kontoret har vore konsentrert om basisoppgåvene:

- Kvalitetssikre opplæringa til lærlingane i våre medlemsbedrifter
- rekruttering/formidling av lærlingar og lære kandidat
- signere lærekontrakter og foreta oppmelding til fagprøve
- formidle informasjon om kursverksemd og teoriundervisning
- utbetaling av tilskot til lærebedrifter
- drift av kontoret, rekneskap, administrasjon, formidling
- marknadsføring
- rekruttering av nye medlemsbedrifter, jobbe for å auke talet på læreplassar
- samarbeid med Fylkeskommunen, Rettleiingstenesta, lærebedriftene, vidaregåande skular, OT/PPT, NAV, kursarrangørar
- informasjon om lærlingordninga ut i skulane og bedrifter
- samarbeidsprosjekt med NAV og opplæringskontora i Odda og Norheimsund

Kurs – teoriopplæring

I august starta den årlege teoriopplæringa for elektrolærlingar på Voss, med 7 deltakarar.

I januar starta teorikurs i bilfaget i Bergen, med 2 deltakarar frå Voss.

Fleire lærlingar fylgjer anna programfagleg teoriopplæring i lærlingeklasse i Bergen.

Opplæringskontoret arrangerte i oktober lærlingesamling for alle nye lærlingar. I tillegg arrangerte vi kurs for instruktørar og fagansvarlege i medlemsbedriftene våre.

Antal lærlingar

I 2023 blei det teikna 42 nye lærekontrakter, mot 36 året før. 25 lærekontrakter blei avslutta. I tillegg blei 13 kontrakter heva, alle ved einigheit. Ved utgangen av året var det 78 løpande lærekontrakter. På same tid i 2022 var talet på lærekontrakter 82.

Antal lærlingar

År	Antal lærlingar
31.12. 2023	78
31.12. 2022	82
31.12. 2021	72
31.12. 2020	66
31.12. 2019	61
31.12. 2018	70
31.12. 2017	69
31.12. 2016	60

Beståtte fagprøver lærlingar/praksiskandidatar 2023

Fag	Fagprøver	Kvinner	Menn	% kvinner	% Menn
Anleggsmaskinførarfaget	2		2		
Anleggsmaskinmekanikarfaget	1		1		
Barne-og ungdomsarbeidarfaget	4	3	1		
Bilfaget, lette køyretøy	1		1		
Billakkerarfaget	1		1		
Bilskadefaget	1		1		
CNC-maskineringsfaget	1		1		
Elektrikarfaget	9		9		
Helsearbeiderfaget	3		3		
Industrimekanikarfaget	1		1		
Murarfaget	1	1			
Industrimekanikarfaget	1		1		
Produksjonsteknikkfaget	1		1		
Reservedelsfaget	1	1			
Totalt	28	5	23	18	82



Fordeling

Av totalt 28 nye fagarbeidarar, var 18% kvinner og 82% menn. Det er ein nedgang på 32% kvinneandel i forhold til 2022. Flest fagprøver blei avlagt i elektrikarfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsearbeidarfaget.

Ikkje bestått

3 lærlingar bestod ikkje 1.gongs fagprøven, 1 lærling bestod ikkje 2.gongs fagprøve.

Beståtte fagprøver praksiskandidatar 2023

Totalt 9 personar har teke fagbrev som praksiskandidatar hjå våre medlemsbedrifter.

Hevingar

13 lærekontrakter vart heva i 2023, alle ved einigheit mellom lærling og lærebedrift.

Framleis drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om framleis drift. Rekneskapen for året viser overskot på kr 370.790 etter finansinntekter. Det fremjast som eiga sak på årsmøte i 2024 at overskotet ikkje betalast ut til medlemsbedriftene, men setjast av til dekking av løn for tilsette.

Eigenkapitalen er auka frå kr 1.858.313 pr. 31.12.2022 til kr 2.229.104 pr. 31.12.2023. Årets resultat er overført til eigenkapitalen. Det vert stadfesta at føresetnaden for framleis drift er til stades.

Arbeidsmiljø

Dagleg leiar Randi Ulleland er tilsett i 100% stilling. Hilde M. Kettermann blei i januar tilsett i 100% stilling som opplæringskonsulent. Det har ikkje førekome skader eller ulukker for tilsette. Arbeidsmiljøet i bedrifta er å sjå på som godt.

Likestilling

Verksemda har to kvinnelege tilsette. Styret består av 4 menn og 2 kvinner, pluss sekretær. Talet på kvinnelege styremedlemer gjekk opp med ein i forhold til 2022.

Ytre miljø


Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø. Verksemda har rutiner for kildesortering av avfall.


Bedriftshelseteneste

Alle opplæringskontor blei frå 1.1.2023 pålagde å vere tilknytte ei bedriftshelseteneste. Opplæringskontoret for Indre Hordaland blei medlem hjå Bedriftshelse1 Voss. Det er utarbeidd ein handlingsplan for 2023-2024, og Bedriftshelse1 Voss har levert ein årsrapport for 2023.


Årsrapport 2023 er godkjend i styremøte 05.03.2024.


Opplæringskontoret for Indre Hordaland
Organisasjonsnummer 975 844 846



Trude Kvarekval Lydvo (styreleiar)


Trond Nordpoll

Svein Inge Styve


Bjarte Vines (nestleiar)


Kjell Harald Fenne


Stig Arvid Røe